


# INVITASJON TIL DÅPSSKULE



**Å høyra til**

TRUSOPPLÆRING I KYRKJA I SULDAL

## Hei!

Me håpar at du, som går i 1.-, 2.- eller 3. klasse på Neflaten skule, har lyst til å vera med på **dåpsskule i kapellet fem tysdagar rett etter skulen.**

Du har tidlegare fått ei bok som heiter **Tre i eit tre.** (Viss du ikkje har fått boka, kan du få på dåpsskulen) Huskar du Hoppeklinken, Somlesinken og Bokfinken? - eller dei heiter jo eigentleg Erlend, Stian og Tuva - dei som har ein hemmeleg klubb i eit hemmeleg tre.

På dåpsskulen skal me lesa *litt* frå den boka, men det er lurt om du les meir heime saman med dei vaksne der.

Barna i boka snakkar om mange ting: om å vera vener, at alle er forskjellige, om Gud og Jesus, bibelen og kyrkja, dåp, nattverd, jul, påske og pinse. Noko av dette skal me snakka om på dåpsskulen òg. Kanskje me av og til gjer noko som liknar på det dei finn på i boka.. ?

Me skal eta ilag og av og til leika litt ilag eller laga noko.

Det heiter dåpsskule, men det betyr ikkje at du treng å vera døypt for å vera med. Alle i 1.-, 2.- og 3. klasse på Nesflaten er velkomne!

**Me gledar oss til å vera saman med deg på dåpsskulen!**

## Helsing

**Turid** (Børtveit Skjelstad, kyrkjelydspedagog)

**Hilda** (Havrevoll) og

**Inger Karin** (Skogen Nasedkina)

## Til dei føresette:

Dåpsskulen er 5 samlingar i kyrkja (rett etter skulen), og deltaking i ei gudsteneste ein søndag formiddag

Følgjande **tysdagar:**

**23. oktober, 30. oktober, 6. november,**

**13. november og 20. november**

Barna blir henta på skulen. Dei som skal på SFO etterpå blir følgde dit. Dei andre må hentast ved kapellet. Me sluttar 14.45

**Søndag 25. november kl.11.00** deltek me i gudstenesta. Då håpar me heile familien vil setja av dagen!

**Velkommen!**

Ta gjerne kontakt om de lurer på noko. Skulle nokon ha eit barn med behov for ekstra hjelp eller omsut, er det fint om me får beskjed om dette. Likeeins om nokon har matallergi.

### **Påmelding:**

Me vil helst at påmeldinga skal skje via kyrkja si nettside:

[www.suldal.kyrkja.no](http://www.suldal.kyrkja.no)

Får de ikkje dette til, så bruk:

mail: [turid@suldal-kyrkje.no](mailto:turid@suldal-kyrkje.no)

eventuelt SMS til Turid 98 43 72 73

(så snart som mulig, og helst) **innan:** fredag 19. oktober

**Påmeldinga skal innehalda følgjande opplysningar:**

Namn på barnet

Mobilnummer til minst ein av foreldra

Mailadresse til minst ein av foreldra

Skal barnet tilbake til SFO, eller blir det henta ved kyrkja 14.45?

Matallergi?

Info til heimane:

## «Å høyra til»

### Trusopplæring i kyrkja i Suldal

Å høyra til ein stad er svært viktig for alle menneske.

Barnet høyrer, frå fødselen av, til i familien, i ei bygd i Suldal kommune, i Noreg....

Er barnet døypt, blei det sagt ved døypefonten at det òg høyrer til Jesus Kristus. Samtidig blei det medlem i Den norske kyrkja. Me vil at barnet skal få kjenna at det høyrer til i kyrkja si i Suldal og at det skal bli kjend med Jesus, som det blei døypt til, slik at det kan bli verande i trua på han.

Det barnet lærer om tru heime, er det som betyr aller mest. Men fadrar og kyrkjelyd blei på dåpsdagen gitt eit ansvar for å stå saman med heimen om formidlingsoppgåva.

Dåpsskulen er eit av tilboda kyrkja gir.

Trusopplæringa i kyrkjene våre inkluderer også barn som ikkje er døypte. Dei som står i kyrkja sitt medlemsregister fordi minst ein av foreldra er medlem, får automatisk invitasjon. Men andre er òg velkomne dersom dei føresette ynskjer det!

### Dette kan me tilby i kyrkja i Suldal:

**Frå nyfødd til fylt 1 år:** Babysong

**1, 2 , og 3 år:** Gåve til dåpsdagen

**3 år:** «Krøllekveld»; ei samling i kyrkja

**4 år:** 4-årssamling i kyrkja og utdeling av 4-årsbok i ei gudsteneste

**5 år:** Barnebibel til dåpsdagen

**6 år:** Utdeling av 6-årsboka «Tre i eit tre» i ei gudsteneste

**6 eller 7 år:** Dåpsskule i løpet av 1. eller 2. (av og til 3. klasse)

**8 eller 9 år:** Tårnagenthelg for 3. klassingar

**10 eller 11 år:** Utdeling av «Bibelen – ei vandring gjennom den store forteljinga» i ei gudsteneste.

**11 år:** 5.-klasseleir

**14-15 år:** Konfirmasjonsførebuing og konfirmasjon

Kyrkja sitt tilbod går berre over ein dag, ei helg eller ein kort periode.

Meir regelmessig trusopplæring kan barnet få i eit av dei mange kristne barnelaga, kora eller speidargruppene i Suldalsbygdene. Me vil oppfordra til at barnet får vera med der.